

Informasjon om kontrollutvalet i Klepp



Kva er eit kontrollutval?

Kontrollutvalet er kommunestyrets reiskap for demokratisk innsyn og kontroll med alle sider ved kommunens verksemd. Kontrollutvalets mål er derfor å sjå til at kommunen følgjer regelverket, og at verksemda er målretta, effektiv og etisk til beste for kommunens innbyggjarar. Det gjeld både ovafor kommuneadministrasjonen og heile det politiske miljøet så nær som kommunestyret sjølv. Kontrollutvalet skal og sjå til at kommunen har ei forsvarlig revisjonsordning og at kommunestyrets vedtak vert følgt opp. Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og er derfor underlagt dette.

Kontrollutvalet i Klepp har bestemt at frå 2009 skal møta i utvalet haldast for åpne dører. Kommunelovens § 77 seier at møta i kontrollutvalet skal haldast for lukka dører så lenge utvalet sjølv ikkje bestemmer noko anna, slik utvalet har gjort i Klepp.

Utvalets arbeid vert regulert av Kommuneloven §77 og eigen forskrift. Kommunestyret behandlar kontrollutvalets rapporter og tar stilling til oppfølging.



Kven er medlem i kontrollutvalet?

Kommunestyret står fritt til å utpeika medlemmer til kontrollutvalet. Forskriftene stiller likevel krav om at kontrollutvalet skal ha minst tre medlemmer, og at minst eitt av desse skal vera medlem av kommunestyret. Medlem i kontrollutvalet kan elles ikkje ha andre kommunale verv eller vera tilsett i kommunen. Medlemmer i denne perioden er:

Medlemmer:

Arild Børge Skjæveland (SP), leiar
Ove Horpestad (H), nestleiar
Siri Øksnevad Olsen (FrP)
Reidar B. Thu (Ap)
Sigrid Lærdal (Krf)

Personlege varamedlemmer:

Varmedl. for Ap, Sp og Krf:

1. Edit Grude (AP)
2. Grete Horpestad (Sp)
3. Jan Tore Refve (Krf)

Varmedl. for H og FrP:

1. Hans Braut (H)
2. Roy Larsen (FrP)
3. Roger Neste (H)
4. Anita Thu (H)



Kven er det som skal førebu sakene for kontrollutvalet?

Etter ei lovending som trådte i kraft 1. januar 2005 skal kontrollutvalet ha uavhengig sekretariatsbistand, som verken er knytt til kommunen sjølv eller til kommunens revisor. Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS ivaretar denne funksjonen for Klepp. Sekretariatet skal sjå til at sakene som vert behandla av kontrollutvalet er forsvarlig utreda og at utvalets vedtak vert sett i verk.



Kan eg som innbyggjar klaga på kommunale vedtak til kontrollutvalet?

Kontrollutvalet er ikkje eit klageorgan, og har derfor ikkje høve til å behandla klager på enkeltsaker. Kommunane har egne klageorgan som behandlar slike saker, i mange kommunar er det formannskapet. Mange klagesaker vert òg vidare-send til Fylkes-mannen for endelig avgjerd. Kontrollutvalet kan likevel på eige initiativ eller på bakgrunn av konkrete saker vurdere om kommunens egne retningslinjer og sentrale lover/forskrifter vert følgt av forvaltninga.



Korleis kan eg komma i kontakt med kontrollutvalet?

Du kan ta kontakt med kontrollutvalets leiar eller med sekretariatet. Kontaktinfo til sekretariatet finn du via eigen link under øvrig informasjon om kontrollutvalet på Klepp kommunes nettsider.



Kontrollutvalets møte-papir:

Innkallingar og protokollar frå kontrollutvalets møter finner du under øvrig informasjon om kontrollutvalet på Klepp kommunes nettsider.